



Notat

Frå: Fylkesrådet for eldre v/leiar Harald Ekroll

Til: Astrid Lernes, FRM

Budsjett / økonomiplan 2017-2020 - uttale frå fylkesrådet for eldre

Fylkesrådet for eldre vedtok fylgjande uttale til økonomiplanen i møte 26. april:

Fylkesrådet for eldre har fylgjande innspel til økonomiplan 2017 – 2020:

- *Om fylkeskommunen legg ned bygderuter, bør de opprette serviceskyss i desse områda. Fylkesrådet for eldre ser at serviceskyssen kan supplere, der det vert lagt ned bygderuter, for å få tilpassa transporten.*
- *Tannhelse - viser til tidlegare uttale i møte 2. februar (fylkesrådet for eldre) sak 6/16*
- *Folkehelse er summen av kvar enkelt menneske si helse. Det må leggest til rette for å ta gode val og styrke folkehelsa. Kommunane har ein sentral rolle med å legge til rette for fysisk aktivitet og gode sosiale møteplassar. Eit sunt kosthald er og eit viktig moment i folkehelseperspektiv. No er det folkehelsekoordinator i nesten alle kommunane i fylket, og det er viktig at dette arbeidet fortset.*
- *Det er viktig at fylkeskommunen fortset det viktige arbeidet med at eldre og pensjonistar skal få kulturopplevingar der dei oppheld seg, anten det er på institusjon, bueiningar eller heime. Det kan vere musikk, teater og anna underhaldning.*